

ETISKE RETNINGSLINJER

1. Klepp kommune legg stor vekt på at tilsette skal vera redelege, ærlege og opne. Alle tilsette har ansvar for å etterleve dette i tenesta si. Alle har plikt til å arbeida lojalt i samsvar med dei lover, forskrifter og reglement som gjeld for kommunen si verksemd. Dette inneber også at alle rettar seg lojalt etter vedtak som er gjort.
2. Tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar som kan påverka, (eller vera eigna til å påverka) handlingar, saksførebuing eller vedtak. Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, som f.eks. reklamemateriell, blommar, konfekt o.l. Også når det gjeld andre fordelar, som f.eks. personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester, må ein visa varsemd, dersom det ikkje er inngått avtale som gjeld alle tilsette.
3. Ved tilbod om gåver o.l. som har eit omfang som går ut over kommunen sine retningslinjer, eller det er tvil om dette, skal næraste overordna kontaktast. Mottatte gåver skal returnerast avsendar saman med brev som gjer greie for kommunen sine reglar om dette.
4. Moderate former for gjestfrihet og representasjon høyrer med i samarbeidsforhold og informasjonsutveksling. Graden av dette må ikkje utviklast slik at den påverkar avgjerdsprosessen eller kan gje andre grunn til å tru det. Tvilstilfelle skal avgjerast av kommunalsjef eller rådmann.
5. Reiser i fagleg samanheng vert som hovudregel dekkja av kommunen eller annan offentleg instans. Unntak frå dette vert avgjort av rådmannen.
6. Kommunen sine bilar eller anna utstyr kan ikkje nyttast privat. Kommunalsjef kan gjera unntak når særlege høve ligg føre. Slik bruk skal registrerast. Brukaren er ansvarleg for utgifter og eventuelle skader som følgje av utlån.